



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2603
3702 Skien

Kontakt
Sentralbord +47 35 58 61 10
Direkte +47 953 00 640
fmtepost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Peter C. A. Köller

Vår ref. 2016/1617 - 432.2

Dato 14.04.2016

Protokoll 14.04.16

Sakene: 01/16 – 12/16
Møtestad: Kommunehuset i Hjartdal, Sauland
Dato: 14.04.16

Følgjande medlemmer deltok:

Steinar Bergsland
Audun Dølen
Solveig Sundbø Abrahamsen
Audun Solberg

Følgjande varamedlemmer deltok:

Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:

Kjellfrid Neset
Kjetil Vaagen

Følgjande frå administrasjonen deltok:

Peter C. A. Köller, ref.

Steinar Bergsland
Leiar

Godkjenning av møteprotokollen:



Sak 01/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden.
Innkalling av dagsorden blei samrøystes godkjend.

Sak 02/16 Underskriving av protokoll 02.11.15.
Protokoll frå møtet 02.11.15 blei underskriven.

Sak 03/16 Val av leiar og nestleiar for verneområdestyret.
Steinar Bergsland blei samrøystes vald som leiar. Audun Solberg blei samrøystes vald som nestleiar.

Sak 04/16 Søknad om bygging av båthus på Reinstul gnr. 25 bnr. 1 i Hjartdal – Åsmund Øverbø – klagesak.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde kan ikkje sjå at klagen til Åsmund Øverbø inneheld moment som kan gje grunnlag for å gjere om på vedtaket i verneområdestyret 02.11.15.

Vedtaket vert ståande og saka sendt Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Handsaming i verneområdestyret:

Solveig Abrahamsen foreslo å leggje til ordet «nye» slik at framlegg til vedtak blei slik:

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde kan ikkje sjå at klagen til Åsmund Øverbø inneheld **nye** moment som kan gje grunnlag for å gjere om på vedtaket i verneområdestyret 02.11.15.

Vedtaket vert ståande og saka sendt Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde kan ikkje sjå at klagen til Åsmund Øverbø inneheld nye moment som kan gje grunnlag for å gjere om på vedtaket i verneområdestyret 02.11.15.

Vedtaket vert ståande og saka sendt Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Sak 05/16 Søknad om bruk av snøskuter til hytte på gnr. 15 bnr. 1 ved Vrangetjønn i Hjartdal – Halvor Romme.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Halvor Romme løyve til snøskutertransport frå Skinnarbu til Vrangetjønn etter trasé vist på kart som låg ved søknaden. Løyvet er gitt med heimel i NML § 48, og er grunngjeve med at køyring Skinnarbu-Vrangetjønn vil redusere samla belastning generelt, og forstyrringa av villreinen spesielt, samanlikna med traseen søkjaren i dag har lov til å bruke.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Det vert sett følgjande vilkår:

- Det skal køyrast etter oppkøyrde skiløyper og/eller etablerte trasé.
- Løyvet gjeld for inntil 3 turar mellom 01.01.17 og 15.04.17, og inntil 3 turar mellom 01.01.18 og 15.04.18.
- Løyvet gjeld berre for transport av bagasje og utstyr.
- Dette løyvet erstattar løyvet søkjaren har mellom Reissjåbrekka og Vrangetjønn.
- Observerast villrein, skal køyring stanses. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltaren om det er villrein i området.

Vedtaket er berre fatta etter verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og tilhøyrande forvaltningsplan. Søklar er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve, løyve etter motorferdslelova, og dispensasjon etter forskrift for motorferdsle i spesielt sårbare område innafor Brattefjell-Vindeggen.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Styret meinte det ville være rett at løyvet skulle kunne brukast heile vintersesongen og ikkje berre etter nyttår. Det blei difor fremja følgjande fellesframlegg:

Verneområdestyret gjev Halvor Romme løyve til snøskutertransport frå Skinnarbu til Vrangetjønn etter trasé vist på kart som låg ved søknaden. Løyvet er gitt med heimel i NML § 48, og er grunngjeve med at køyring Skinnarbu-Vrangetjønn vil redusere samla belastning generelt, og forstyrringa av villreinen spesielt, samanlikna med traseen søkjaren i dag har lov til å bruke.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Det skal køyrast etter oppkøyrde skiløyper og/eller etablerte trasé.
- Løyvet gjeld for inntil 3 turar vinteren 2016/2017 fram til 15.04.17, og inntil 3 turar vinteren 2017/2018 fram til 15.04.18.
- Løyvet gjeld berre for transport av bagasje og utstyr.
- Dette løyvet erstattar løyvet søkjaren har mellom Reissjåbrekka og Vrangetjønn.
- Observerast villrein, skal køyring stanses. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltaren om det er villrein i området.

Vedtaket er berre fatta etter verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og tilhøyrande forvaltningsplan. Søklar er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve, løyve etter motorferdslelova, og dispensasjon etter forskrift for motorferdsle i spesielt sårbare område innafor Brattefjell-Vindeggen.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Halvor Romme løyve til snøskutertransport frå Skinnarbu til Vrangetjønn etter trasé vist på kart som låg ved søknaden. Løyvet er gitt med heimel i NML § 48, og er grunngjeve med at køyring Skinnarbu-Vrangetjønn vil redusere samla belastning generelt, og forstyrringa av villreinen spesielt, samanlikna med traseen søkjaren i dag har lov til å bruke.



Det vert sett følgjande vilkår:

- Det skal køyrast etter oppkøyrde skiløyper og/eller etablerte trasé.
- Løyvet gjeld for inntil 3 turar vinteren 2016/2017 fram til 15.04.17, og inntil 3 turar vinteren 2017/2018 fram til 15.04.18.
- Løyvet gjeld berre for transport av bagasje og utstyr.
- Dette løyvet erstattar løyvet søkjaren har mellom Reissjåbrekka og Vrangetjønn.
- Observerast villrein, skal køyring stanses. Søkjaren skal ha dialog med SNO /verneområdeforvaltaren om det er villrein i området.

Vedtaket er berre fatta etter verneføreseigna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde og tilhøyrande forvaltningsplan. Søklar er sjølv ansvarleg for å få andre nødvendige løyve, slik som til dømes grunneigarløyve, løyve etter motorferdslelova, og dispensasjon etter forskrift for motorferdsle i spesielt sårbar område innafor Brattefjell-Vindeggen.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Sak 06/16 Søknad om løyve til riving av eksisterande utedo og bygging av bod med utedo på Nystul gnr. 113 bnr. 9 i Hjartdal – Arild Bergstuen.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Arild Bergstuen løyve til å rive gamal utedo og å sette opp ny bod/utedo på Nystul i tråd med omtale og teikningar i søknaden dagsett 10.12.2015. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner den nye bygningen frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at bygget står ferdig.
- Det skal takast omsyn til fargeval i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4.
- Det skal brukast kledningsbord som liknar mest mogleg på dei på hytta.
- Glaset skal utformast slik at det harmonerer med glasa på hytta (ståande med srosser).
- Det er ikkje anledning til å bygge eldstad/pipe.
- Bygget skal ikkje brukast til overnatting.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klages på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.



Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Arild Bergstuen løyve til å rive gamal utedo og å sette opp ny bod/utedo på Nystul i tråd med omtale og teikningar i søknaden dagsett 10.12.2015. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner den nye bygningen frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at bygget står ferdig.
- Det skal takast omsyn til fargeval i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4.
- Det skal brukast kledningsbord som liknar mest mogleg på dei på hytta.
- Glaset skal utformast slik at det harmonerer med glasa på hytta (stående med sprosser).
- Det er ikkje anledning til å bygge eldstad/pipe.
- Bygget skal ikkje brukast til overnatting.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klages på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Sak 07/16 Søknad om oppføring av reiskapsbu på Brenna gnr. 127 bnr. 15 i Tinn – Sven Erik Elnes.

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Sven Erik Elnes løyve til å sette opp reiskapsbu på Brenna i tråd med omtale og teikningar i søknaden dagsett 18.01.16. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner den nye bygningen frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at bygget står ferdig.
- Det skal takast omsyn til fargeval i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4.
- Det skal brukast kledningsbord som liknar mest mogleg på dei på hytta.
- Det er ikkje anledning til å bygge eldstad/pipe.
- Bygget skal ikkje brukast til overnatting.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klages på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.



Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Sven Erik Elnes løyve til å sette opp reiskapsbu på Brenna i tråd med omtale og teikningar i søknaden dagsett 18.01.16. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner den nye bygningen frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at bygget står ferdig.
- Det skal takast omsyn til fargeval i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4.
- Det skal brukast kledningsbord som liknar mest mogleg på dei på hytta.
- Det er ikkje anledning til å bygge eldstad/pipe.
- Bygget skal ikkje brukast til overnatting.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klages på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Sak 08/16 Søknad om tilbygg på hytte gnr. 21 bnr. 25 i Vindsjådalen i Hjartdal – Tone Sem Hovda

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Tone Sem Hovda løyve til å sette opp tilbygg til hytte, Vindsjådalen 18, i tråd med søknad og teikningar dagsett 16.11.15. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye tilbygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at bygget står ferdig.
- Det skal takast omsyn til material- og fargeval i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4.
- Det er ikkje anledning til å bygge eldstad/pipe i tilbygget.
- Tilbygget skal ikkje brukast til overnatting.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klages på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Tone Sem Hovda løyve til å sette opp tilbygg til hytte, Vindsjådalen 18, i tråd med søknad og teikningar dagsett 16.11.15. Løyvet er gjeve med heimel i kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye tilbygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at bygget står ferdig.
- Det skal takast omsyn til material- og fargeval i samsvar med forvaltningsplanen pkt. 7.4.
- Det er ikkje anledning til å bygge eldstad/pipe i tilbygget.
- Tilbygget skal ikkje brukast til overnatting.

Løyvet gjeld berre i høve til verneforskrifta. Handsaming etter anna lovverk skal skje av aktuell forvaltningsmyndigheit, og søkjaren er sjølv ansvarleg for å hente inn eventuelt andre naudsynte løyve.

Det kan klages på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Sak 09/16 Revisjon av forvaltningsplanen - orientering.

Styret tok saka til orientering.

Sak 10/16 Besøksforvaltning - orientering.

Styret tok saka til orientering.

Sak 11/16 Registrering av styret i Brønnøysundregisteret.

Styret tok saka til etterretning.

Sak 12/16 Møte- og arbeidsplanlegging 2016.

Styret vil i hovudsak gjennomføre kvartalsvise styremøter, men dersom det er naudsynt ha fleire møter/telefonmøter. Årets siste styremøte skal kombinerast med møte i Fagleg rådgjevande utval. Neste møte blir måndag 30. mai kl. 10:00 på Skinnarbu. Dette blir eit utvida styremøte der både varamedlem og styremedlem deltar på første del.